



**Tale/artikkel**, publisert 29.11.2007

Av: Vidar Ulriksen – statssekretær

## **Verdiskaping i kystsona - Forsking, forvaltning og kunnskapsbehov**

**Statssekretær Vidar Ulriksen:**

### **Opningsinnlegg på Norges Fiskarlags konferanse**

Takk for invitasjonen til å innleie på denne konferansen om verdiskaping i kystsona.

Den norsk sjømatnæringa er stor og ho skaper store ringverknader i samfunnet. Ein ringverknadsanalyse SINTEF har gjennomført for FHL fortel at for kvart tiande årsverk i fiskeri- og havbruksnæringa vert ytterlegare ni årsverk skapte i andre næringar.

Eksportverdien av kjerneverksemda i fiskeri- og havbruksnæringa i 2006 var totalt 35,6 milliardar kroner. I oktober i år var eksportverdien 29,4 milliardar, noko som er ei auke på 1,2 milliardar samanlikna med same periode i fjor.

Samla representerer næringa ein rekordhøg produksjonsverdi på 90 milliardar kroner (i 2005). Av dette utgjør ringverknadene 35 milliardar.

Den samla sysselsettinga i verdikjeda fiskeri, dvs. innan fangst, mottak, fiskeforedling, grossistledet og ringverknader i andre næringar, var 27 800 årsverk i 2005. Verdikjeda havbruk, som inkluderer oppdrett, fiskeforedling, grossist og ringverknader ga same året 18 500 årsverk.

Sjølv om tala er gode, har regjeringa ytterlegare ambisjonar.

I forslaget til statsbudsjett for 2008 foreslår regjeringa at det blir oppretta eit nytt statleg investeringsfond, med ei ramme på 2,2 milliardar kroner. 500 millionar er sette av til investeringar i marint næringsliv. Målet er å styrkje marint næringsliv gjennom auka tilgang på langsiktig risikokapital, og slik medverke til å kommersialisere globalt retta, konkurransedyktige prosjekt.

Dette vil ha mykje å seie for utviklinga av mange marine bedrifter, særleg for små og mellomstore bedrifter langs kysten. For dei er ofte avstanden stor både til marknaden og til dei tradisjonelle, private investormiljøa.

Investeringselskapet skal gå inn med eigenkapital og drive aktivt eigarskap i investeringsprosjekta. Det kan setjast pengar i alle verksemdar som har med marin næringsutvikling å gjere, og i alle fasar, men hovudvekta av investeringane skal liggje i tidleg fase. Investeringane skal gjerast på kommersielt grunnlag, og eigardelane kan utgjere opp til 49 prosent.

I tillegg til marin sektor skal fondet også prioritere dei fire andre satsingsområda i Soria-Moria-erklæringa. Miljø, energi, reiseliv og maritim sektor. Fondet skal dessutan sjå særleg på klima- og miljøprosjekt. Fondet vert organisert som eit dotterselskap under Innovasjon Norge.

I denne samanhengen synest eg det er naturleg også å seie litt om regjeringa sin ferskfiskstrategi.

Den norske kystlinja er lang og ligg nær store sjømatressursar. Samstundes har vi kort veg til store europeiske marknader. Folk i desse marknadane vert meir og meir interesserte i ferske kvalitetsprodukt og er villige til å betale for dei. Det er viktig for regjeringa at fiskerinæringa utnyttar dei fortrinn Norge har i konkurranse med andre aktørar. Eit målretta og langsiktig arbeid med ferske produkt er bra for verdiskapinga, miljøet og kysten. Og det gjer næringa fleksibel og skaper breidde.

Frosne produkt har ein stor marknad, men her konkurrerer vi med lågkostland som produserer filetar langt billigare enn vi kan klare. Som høgkostland må vi skape produkt og finne rom der vi kan utnytte dei fordelane vi faktisk har!

Vi veit at dersom fisken skal seljast fersk i Europa må han vere av beste kvalitet. Eitt av måla i regjeringa si ferskfisk-satsing er at all fisk ved landing skal ha så god kvalitet at kjøparane sjølve kan velje korleis dei vil produsere og behandle fisken.

Kvalitetsarbeid er krevjande. Regjeringa vil i 2008 gjennomføre ein nasjonal tilsynskampanje ved landing av fiskeråstoff. Kvalitetsarbeidet må drivast kontinuerleg i alle ledd av produksjonen, og vi vil oppnemne eit Kvalitetsforum med folk frå fiskarorganisasjonane, industrien, handelsleddet og styresmaktene. Forumet skal ta opp problemstillingar som påverkar kvaliteten av produkta. Regjeringa vil også prioritere arbeidet med å lage kvalitetstandardar for fleire ferske sjømatprodukt.

Regjeringa vil oppmuntre til at den tradisjonelle fiskerinæringa og havbruksnæringa spelar på lag. Då kan vi få til ein kontinuitet i tilførsel av ferskt råstoff gjennom heile året. Regjeringa vil både satse vidare på torskeoppdrett og stimulere til at meir fisk vert lagra levande etter fangst.

Levandelagring hjelper til å forlenge sesongen for levering av villfanga fisk og til å heve kvaliteten på fisken. Fiskeriforsking har nett hatt eit forsøk som viser at kokkar er svært positive til torsk som er lagra i merd før slakting. I denne samanhengen vil regjeringa setje i verk tiltak som stimulerer til haustfiske av torsk med line.

Innanfor rammene eg har nemnt er det opp til næringane sjølve å realisere mulegheitene som ligg i kryssninga mellom forbrukarar som ønskjer fersk kvalitetsmat frå havet og nærleiken vår til dei rike fiskefelta.

Eit anna vekstområde for fiskeri- og havbruksnæringa er samarbeidet med reiselivet. Det er aukande interesse i reiselivet for opplevingar knytt til kysten og fisken. Det er også ein gryande trend at aktørar innan fiskeri- og havbruksnæringa investerer i lokalt reiseliv.

Vi treng ein diskusjon om korleis samspelet mellom fiskeri- og havbruksnæringa og reiselivet kan vidareutviklast. Eg er sikker på at eit tettare samarbeid mellom næringane kan gje ny næringsaktivitet og fleire arbeidsplassar langs kysten.

Fiskeri- og kystdepartementet inviterer, i samarbeid med Innovasjon Norge og Eksportutvalet for fisk, til ein idédugnad den 30. november der større breidde og tettare samarbeid mellom fiskeri- og havbruksnæringa og reiselivet vert drøfta. Og departementet vil følgje opp saka i etterkant av idédugnaden.

Til denne samlinga har vi invitert sentrale næringsaktørar og organisasjonar frå fiskeri- og havbruksnæringa og frå reiselivsnæringa, og frå myndighetene og pressa.

Departementet ønskjer blant anna å få følgjande problemstillingar lagt fram og drøfta:

Erfaringar hittil frå investeringar i "kystturisme".

Korleis kan styresmaktene stimulere til investeringar i prosjekt i grensesnittet reiseliv/sjømatnæring.

Auka tilbod av naturopplevingar med fiskarar som næringsaktørar og "vertskap".

Korleis få servert meir og betre sjømat på norske serveringsstader?

Korleis styrke samarbeidet mellom reiselivet og fiskeri- og havbruksnæringa om marknadsføring av Norsk Sjømat og Norge som reisemål ?

Utnyttinga av fisk og andre marine ressursar må skje innanfor fastsette kvotar. Verksemda må vere berekraftig og miljøvennleg. Mykje vil elles vere opp til det private næringslivet og til interesseorganisasjonar. Men, her er også rom for innsats frå det offentlege.

I vår var eg i Sør-Korea saman med kronprinsparet. Der fekk vi servert mykje god og uvant sjømat. Her var det rå brennmanet på menyen til lunsj og vi vart også servert tang og tare – ein rett som er høgt skatta i Sør-Korea.

I Austen omset dei praktisk talt alt som kan haustast frå havet. Ei rekkje virvellause dyr som ikkje har nokon plass i norsk matkultur ser dei på som delikatesser. Det er ingen tvil om at vi har eit stort, utnytta potensial langs norskekysten.

Samstundes veit vi at vi ikkje nyttar ressursane optimalt. Uutnytta biprodukt er ein utfordring er eit problem, sett frå ein etisk, ressursmessig og økonomisk ståstad. Det er viktig å arbeide kreativt for at mest muleg av fangstane vert utnytta.

Sjøpølser er ein ressurs som har vore lite utnytta i Norge. Men sjøpølser er faktisk mellom verdas best betalte sjømatprodukt! I Kina og Sør-Korea vert sjøpølsene rekna som svært helsebringande mat.

I Fiskeri- og kystdepartementet er vi opptekne av korleis vi på beste måte kan ta i bruk desse nye artane. Mykje arbeid står nok att. Men vi kan i alle fall sørge for god forvaltning, støtte forskning og utvikling og arbeide for best muleg tilgang til marknadane.

Formålet med forvaltninga er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam utnytting av dei viltlevande marine ressursane. Vi har ei prinsipiell haldning om at menneska skal hauste av det overskotet dei levande marine ressursane gjev. Havet er ei av våre viktigaste matkjelder.

Det kan liggje økonomiske gevinstar i hausting av artar som kongesnigel, manet og sjøpølser. På den andre sida er kunnskapen framleis mangelfull om grunnleggjande spørsmål som bestandsstorleik, produksjon og kva økologiske konsekvensar uttak vil få for artar høgare oppe i næringskjeda, og dermed kva konsekvensar slike uttak kan få for anna kommersiell verksemd.

Vi kan ikkje vente at fangstvolumet frå dei tradisjonelle fiskeria vil auke i åra framover. Difor er nødvendig å tenkje nytt. Enkelte andre kystnasjonar har nok vore flinkare til det enn vi, til dømes land i Asia. Fiskeri- og

havbruksnæringas forskingsfond har sett søkjelyset på dette gjennom finansieringa av LUR-programmet - Lite Utnytta Ressursar, og programmet prioriterer i dag særleg kongesnegel og sjøpølse.

For regjeringa er det og eit viktig perspektiv at utnytting av hittil lite nytta artar gjev kystflåten eit breiare driftsgrunnlag. Det kan også gje auka lønsemd for industrien knytt til denne flåten.

Tidlegare satsingar på dette området har gitt resultat. Det finst det fleire døme på. Stavsild er eitt eksempel, taskekrabbe eit annan. Lønsemda i taskekrabbefisken var for nokre år sidan veldig liten. I dag er dette eit viktig sesongfiskeri for kystfiskarane i Midt-Norge.

Departementet vil også fremme forskning på og utvikling av biprodukt frå marint råstoff. Dette gjer vi mellom anna gjennom løyvingar til RUBIN. Produkt som vert utvikla frå marint råstoff har fått auka aktualitet og ein auka marknadspris – ofte høgare enn fiskefileten. I dag gir ikkje råstoffa frå havet berre god mat, men også produkt og ingrediensar til helsekost, dyrefôr, medisinar, kosmetikk og høgverdige produkt til teknisk bruk. Produkta vert utvikla av nye verksemdar som utgjer ein veksande industri her i landet.

Det same gjeld utnytting av ulike typar bifangst som det i dag ikkje finst infrastruktur for å nytte optimalt. Det er viktig å utvikle betre utstyr og teknologi slik at vi kan ta betre vare på dei ressursane vi tek opp av havet.

Marin bioprospektering – leiting etter og kartlegging av spesielle eigenskapar ved marine organismar - er eit område regjeringa satsar på i budsjettet for 2008.

Det viser seg at marine organismar har andre strategiar for ernæring og overleving enn slektningane deira på land. Blant anna har dei lågareståande dyra (invertebratane) ikkje eit immunapparat slik som fisk og pattedyr. Derimot produserer dei antimikrobielle stoff som drep eller passiviserer mikroorganismane dei lever side om side med.

Fleire slike stoff er allereie oppdaga og kartlagde, og fleire vil koma.

Fiskeri- og kystdepartementet har etablert eit Marint verdiskapingsprogram – som Innovasjon Norge opererer. Det kan kort beskrivast som eit verktøy for internasjonalisering for norske produsentar. Konkret kan dette skje gjennom støtte til nettverksbygging, utvikling av kompetanseprogram og utplassering i ein marknad gjennom ei eiga trainee-ordning. Både gjennom Innovasjon Norge og det marine verdiskapingsprogrammet kan verksemdar søkje støtte til arbeid for å få produkta inn i marknaden.

Fiskeri- og kystdepartementet meiner det er viktig og rett å ta i bruk heile matfatet som ligg utanfor kysten vår.

Ein premiss for å få dette til er eit godt samarbeid i forhold til petroleumsaktiviteten.

Ei arbeidsgruppe arbeider med å gjennomgå og samordne vilkåra for petroleumsverksemd i Nordsjøen og Norskehavet. Ei anna arbeidsgruppe, med medlemmer frå Fiskeridirektoratet og Oljedirektoratet, går gjennom regelverket og foreslå endringar som kan hjelpe til å unngå konfliktsituasjonar mellom fiske og skyting av seismikk.

I tillegg til dette lova olje- og energiministeren i sommar Stortinget at det skulle setjast i gong eit eige arbeid med å vurdere konsekvensane av seismikkskyting utanfor Vesterålen. Både Norges Kystfiskarlag, Norges Fiskarlag og Fiskeridirektoratet og Oljedirektoratet deltek i gruppa som også skal vurdere om erstatningsreglane i petroleumslova gir tilstrekkeleg vern eller om det er behov for ytterlegare tiltak.

Ei anna utfordring for marin verdiskaping i kystsona er tilgangen på eigna areal. Kystnære sjøareal er ein avgrensa ressurs der mange interessentar er på bana. Det er så vel nærings- som friluftsinnteresser og i seinare tid har også ulike vindkraftprosjekt meldt seg på.

Det er i dei fylkeskommunale og kommunale arealplanprosessane mange av premissane for arealbruken i kystsona vert lagde. Det er difor viktig at både fiskeriforvaltninga og fiskeri- og havbruksnæringa deltek aktivt i desse prosessane. Vindkraftanlegg utanfor grunnlinjene ligg nok enno noko år fram i tida, men vi i Fiskeri- og kystdepartementet er uroleg for det arealbeslaget som slike anlegg vil medføre. Vi vil følgje utviklinga nøye og delta i arbeidet med reglar for vindkraftanlegg i sjø.

Så til klimaspørsmålet, vår tids største utfordring.

Klimaet på jorda har alltid endra seg. Vi har også i tidlegare tider hatt tilsvarande varme periodar i havet, lik dei som no vert registrerte. Men i dag skulle vi eigentleg ha vore inne i ein nedkjølingsperioden. Sjølv om det er målt 0,7 grader lågare sjøtemperatur i år enn i fjor tyder prognosane på at det går andre vegen: Det blir stadig varmare, utan at vi kan seie sikkert korleis utviklinga vert på lang sikt.

Det ser ut som vi har utfordringar langs to linjer:

For det første - fiskerinæringa vil måtte tilpasse seg endringar i fiskebestandane si utbreiing og lokalisering. Endringane vil også måtte få konsekvensar for mottak og lokalsamfunn.

For den andre - fiskerinæringa vil måtte ta sin del av jobben med å redusere den negative påverknaden av klimaet. Tiltak som stimulerer til energieffektivisering.

Vi har allereie motteke tilbakemeldingar på dette, både frå Fiskebåtredernes Forbund og frå Noregs Fiskarlag, som i brev til statsråden har kome med konkrete innspel til tiltak. Mellom anna tek dei opp tilrettelegging for ny teknologi,

forslag om nytt forskingsprogram om fiskebåtteknologi, oppfølging av MAREANO-programmet, tilrettelegging for landstraum i fiskerihamnene og spørsmål om arealbruk i kystsona. Eg er glad for at næringa har teke tak i denne store utfordringa på ein god og konstruktiv måte.

Til slutt vil eg nytte høvet til å seie nokre ord om arbeidet med den nye havressurslova, som skal erstatte saltvatnsfiskelova frå 1983.

Mykje vatn har rent i havet sidan den gongen, og mykje fisk - både kvitfisk og svartfisk - har vorte teken opp. Når vi no reviderer lovverket - etter ein lang og grundig prosess - så legg vi stor vekt på arbeidet mot UUU-fiske.

Det lovforslaget vi snart er klare til å leggje fram, vil difor styrkje reglane om ressurskontroll på fleire viktige område. Spørsmålet om sporing av fangst og om registrering av mottakarar av fangst, er også behandla i lovframlegget. Det same gjeld spørsmålet om regulering av omlasting.

Vi vil også drøfte forslaget frå lovutvalet om å innføre ein heilt generell heimel til å forby verksemd som kan undergrave nasjonale eller internasjonale forvaltningstiltak. Ein slik heimel ville kunne nyttast til å innføre ulike reglar retta mot UUU-aktivitetar, i tillegg til dei meir konkrete heimlane vi allereie har, for eksempel til å gjennomføre ein skikkeleg hamnestatskontroll.

Saltvatnsfiskelova omhandlar - stort sett - fisk og fiskeri. Sidan vi her er samla til ein konferanse om verdiskaping i kystsona, så kan eg leggje til at havressurslova vil gå lenger enn som så: Den nye lova vil omfatte alle villlevande marine ressursar. Lova vil difor kunne leggje til rette for ei berekraftig hausting, også av andre typar ressursar enn fisk. Berekraftig hausting er i det store og heile eit gjennomgåande stikkord i lova.

Det vil framleis vere opp til myndigheitene - etter høyring og dialog med dei det vedkjem - å bestemme kva for forvaltningstiltak som skal setjast i verk. Men lova vil - langt meir enn saltvatnsfiskelova - leggje føringar i den retning som forvaltninga allereie har gått: I retning av økosystembasert forvaltning, basert på føre-var-prinsippet og med langsiktig berekraft som hovudmål.

Som ei oppsummering viser eg etter dette til at regjeringa vil prioritere satsing på

- marint utviklingsprogram
- auka forskningsinnsats
- utvikling

